

Valdreskvævelven spel- og dansarlag
2970 Øylo

10. februar 1987

Til medlemmene.

GODT NYTT ÅR! Dei fleste tek vel no så smått til å koma i gjenge att etter ei lang og roleg jole- og nyttårshelg. Så også med spel- og dansarlaget, og det tyder i denne omgang årsmøte. Dette blir rett nok ikkje før onsdag 4. februar - skal alle formalitetar haldast er det ikkje råd å få det unna før. Framlegg til saker på årsmøte må nemleg vere styret i hende minst tre veker før møtet. De må såleis reagere kjapt, den fristen går ut alt 14. januar. Me i styret har elles lagt opp til ei heilt ordinær sakliste med vanlege årsmøtesaker. Men for at møtet ikkje skal bli for ordinert og vanleg har me denne gongen lagt opp til eit ekstra trekkplaster. Me har satsa på å få oppover ein nyutsprungen lyrikar frå Vang, han Olav Gullik Bø. Han debuterte med boka "Solstrå" føre jol, og hausta mange gode ord for den. Ingår Ranheim vil forhåpentlegvis bidra med tonefylgje på langeleiken sin. Så set av onsdag 4. februar, og legg turen til Basse og Ellen på Haukåsen slik i halv åtte tida.

Kva vil elles året 1987 by på av utfordringar og oppgåver for laget? Førebels har me planlagt fire-fem gamaldanskveldar - i Vang (25/1), på Åsvang (22/2), i Høre (mars), i Øye (april) og muligens Vennis i mai. Kurs i gamaldans tek Kari og Bjørg seg av - start tysdag 3/2 på Åsvang. Det blir muligens med ein del iranarar så det blir rikeleg med partnarar jenter! Hallingdans vil Ingår Ranheim halde fram med - start torsdag 15/1 i Torpe skule. Og felekurs og -øvingar startar opp med Trygve Bolstad onsdag 14/1 på Åsvang.

Me satsar elles på at "Tiriltunga" tek årets spelemannspris, og arbeider med å få dei oppover ei helg sist i februar/fyrst i mars. Ein konsert/dansekveld med dei kan kanskje kombinerast med eit helgeseminar i song? Februarfesten i Hugali har me enno ikkje datofest, kanskje må den utsetjast til mars. Årsmøtet får ta stilling til om og når den skal haldast. Lokalkappleiken for Valdres blir i år i Vestre Slidre 28. mars. Ein annan aktuell kappleik for oss er Landskappleiken i Sogndal 25. - 28. juni. Me satsar vel på dansespel att? Men då lyt alle spelemenn vere flinke å møte på øvingane som altså tek til att no onsdag 14/1 kl. 19.30.

Til slutt ein liten personleg kommentar. I desse tider er det jo så mange som ikkje stiller til attval både i det eine og det andre. Så også med meg - etter fire år må nye krefter inn. Heldigvis er det mange aktive og ivrige medlemmer å velje mellom, valkomiteen og årsmøtet avgjer kven. Takk for godt samarbeid desse fire åra.